

Møtebok

frå

Utdanningsutvalet

Møtestad: Styrerrommet
Tid: 16.09.2015 kl. 9:00 - 11.30

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Bartlett, Magne
Bjørheim, Sindre
Blåsternes, Terje
Gaupås, Sverre
Gjerlaugsen, Marianne
Hemmingsen, Tor
Hærem, Eva
Melberg, Jorunn
Sjøberg, Jørgen

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Hervik, Sigbjørn
Klepp, Anine
Kvaløy, Jan Terje
Rangnes, Brita Strand

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Osmundsen, Dag (vara for Jan Terje Kvaløy)

Fylgjande observatørar møtte:

Faret, Elisabeth
Simonsen, Marianne

Frå administrasjonen møtte:

Hoem, Bjarte
Gard, Eilef
Selmer-Anderssen, Stig

Møtet vart leia av Tor Hemmingsen

Saksnr.	Innhald	U.off.	Arkivnr.
UU 30/15	Godkjenning av innkalling 16.09.2015		
UU 31/15	Godkjenning av møtebok fra møtet 27.05.2015		15/01302-8
UU 32/15	Master i regnskap og revisjon - akkreditering		15/01629-3
UU 33/15	Bachelor i utøvande musikk - akkreditering		15/05229-1
UU 34/15	Endring av navn på to masterprogram		15/05228-1
UU 35/15	Fastsetjing av undervisningsterminar for studieåret 2016 - 2017		15/05234-1
UU 36/15	Oppfølging av AGUEs rapport		15/02930-3
UU 37/15	Orienteringssaker 16.09.2015		15/02099-3
UU 38/15	Eventuelt		

Stavanger, 23.09.2015

Tor Hemmingsen (sign)
møteleiar

Bjarte Hoem
utvalgssekretær

UU 30/15 Godkjenning av innkalling 16.09.2015

Vedtak:

Innkallinga er godkjend med fylgjande kommentar: Namneliste over medlemmene mangla i innkallinga.

UU 31/15 Godkjenning av møtebok frå møtet 27.05.2015

Vedtak:

Møtebok frå 27. mai 2015 er godkjent med fylgjande kommentar: Frå administrasjonen ved eitt av fakulteta er det meldt inn bekymring om at satsane for privatisteksamen kan vera for låge. Utdanningsdirektøren svara at etter lova kan universitetet berre krevja dekking av reelle kostnader, og at ein vil fylgja opp denne saka når ein har fått erfaringstal.

UU 32/15 Master i regnskap og revisjon - akkreditering

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka.

Fleire av utvalsmedlemene ga ros til fagmiljøet og fakultetet for å ha lagt fram planar for eit studieprogram som er etterspurt. Sjølv om det i søknaden er nemnt at utdanninga serleg vil retta seg mot olje, energi og finans, vil det likevel vera stor etterspurnad etter kompetansen sjølv om ein for tida ser nedgang i desse næringane.

Utvalet diskuterte fylgjande ved programmet:

Metodelære er her lagt inn i masteremnet. Det vart stilt spørsmål ved om dette er å leggja for mykje arbeid inn i eitt emne, og om det i tillegg vil svekkja opplæringa i metode i studiet. Dag Osmundsen, som kjenner faget godt, heldt fram at metode er eit viktig og gjennomgåande tema som er integrert i faget og at mykje av metoden vil verta utvikla gjennom studiet.

Det er viktig sidan dette er eit nytt program at det også vert gjort ei programevaluering. Departementet tilrår å bruka programevaluering for å utvikla programma. Her kan ein også gjerne nytta ekstern fagleg kompetanse.

Utvalet hadde elles fylgjande kommentarar til studieplanen:

- Side 6 i søknaden står det 'anbefalte forkunnskaper' under opptakskrav, medan det på side 28 står 'må ha forkunnskaper' om dei same fokunnskapene/opptakskravet. Dette må rettast opp og samordnast.
- Arbeidskrava i emna kunne vore meir spesifiserte.
- Samanhengen mellom læringsutbytte, undervising og vurdering ser ut til å vera ivareteke i planen. Samtidig kunne dette vore sterkare understreka. Dekanen sin kommentar til læringsutbyttet i oversendingsbrevet vert støtta.
- Studieplanen skal kommunisera. Stil og omfang i tekstane i emnebeskrivelsane varierar. Dette bør rettast opp før publisering.
- Det er vanskeleg å få fram at rekneskapsfolk har ein heilt eigen etikk og kultur. Dette poenget kunne vore sterkare formidla i programbeskrivelsen.
- Det bør så godt det let seg gjera leggjast opp til digital eksamen. Samtidig må bruk av digital eksamen støtta opp om læringsutbyttet.
- Utdanningsdirektøren er litt vel kritisk til vurderingsformene i saksframlegget. Det er kanskje ikkje så enkelt å variera vurderingsformer i dette studiet. Men me kan be dei sjå på arbeidsomfanget. Dette må sjåast i samheng for heile studiet.
- Litteraturlista skal vera sett opp alfabetisk.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet akkrediterer toårig masterprogram i regnskap og revisjon med 120 studiepoeng, med dei kommentarane som kom fram i møtet.
- b) Utdanningsutvalet tilrår styret å etablere programmet med oppstart hausten 2016.

UU 33/15 Bachelor i utøvande musikk - akkreditering

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte. Representantar frå instituttet var inviterte til å gje utfyllande informasjon i saka.

Utvalsleiaren la til at fylggebrevet frå fakultetet ikkje var formulert som ein søknad om etablering, men dekanen har i ettertid støtta at saka vert handsama slik som utdanningsdirektøren har lagt den fram.

Utvalet hadde fylgjande kommentarar til saka:

Utvalet berømna instituttet for ein grundig og ryddig jobb med å omstrukturera musikkstudia. Det er ein styrke at det er gjort undersøkingar blant studentane og at dei støttar omlegginga til fireårig program. Frå studentrepresentane vart det også understreka at studentane ved IMD og studentane i utvalet støttar omlegginga.

Talet på PPU-studentar i opptaket kan synast lågt, men dette vart forklart med at det her er berre studentane på årsstudiet som er med i oversikta. Studentar som tek PPU som integrert del av bachelorprogrammet vert ikkje registrert under PPU. Det vart elles frå instituttet opplyst om at PPU i kunstfaga har ein eigen rammeplan.

Det er viktig å vera konsekvent på at det heiter obligatorisk aktivitet og ikkje arbeidskrav. Obligatoriske krav bør vera beskrivne direkte i emnebeskrivelsane.

Entreprenørskap er ikkje nytt ved studiet, men i denne planen er det spissa. Det er eit godt døme på at entreprenørskap er direkte knytt til faget og yrket. Instituttet opplyste om at entreprenørskap har vore svært etterspurt i studiet. Nå vert det lagt over to år, og inneheld både praktisk kunnskap og teori.

Det vart peika på at PPU-emna ikkje var lagt ved programbeskrivelsen i søknaden.

Til framlegget til vedtak ba Marianne Gjerlaugsen om at det vert gjort eit tillegg til pkt b om at etablering føreset endring i forskrifta.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet akkrediterar fireårig bachelor i utøvande musikk med dei kommentarane som kjem fram i møtet.
- b) Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å etablere programmet med oppstart hausten 2016 under føresetnad om at forskrifta vert endra slik at universitetet kan tilby graden bachelor med normert studietid 4 år.
- c) Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å leggja ned treårig bachelorprogram i utøvande musikk, under føresetnad om etablering av det fireårige programmet.
- d) Utdanningsutvalet tilrår at det vert søkt Kunnskapsdepartementet om endring i Forskrift om grader og yrkesutdanningar, beskyttet tittel og normert studietid ved universiteter og høyskoler, av 16. desember 2005 slik at Universitetet i Stavanger vert gitt rett til å tildela graden bachelor med normert studietid 4 år.

UU 34/15 Endring av navn på to masterprogram

Utdanningsdirektøren innleia i saka.

Vedtak:

Utdanningsutvalget anbefaler styret å gjøre følgende navneendringer:

- a) Master in International Hotel and Tourism Leadership endrer navn til Master in International Hospitality Management. Norsk navn blir Master i internasjonal serviceledelse.
- b) Master i sosialfag endrer navn til Master i sosialt arbeid og sosialpedagogikk. Engelsk navn blir Master in Social Work and Social Pedagogy.

UU 35/15 Fastsetjing av undervisningsterminer for studieåret 2016 - 2017

Utdanningsdirektøren innledet og viste til høringer ved tidligere saker om undervisningsterminer. Ved noen studieprogram er der behov for så langt semester som mulig for å kunne gi rom for innføringsdager, orienteringsuke o.l.

På spørsmål fra utvalget kommenterte utdanningsdirektøren at åpningen ved semesterstart om høsten vanligvis blir lagt til første påfølgende mandag, og at fadderuken blir lagt til andre uken. Det vil si at starten på undervisningsterminen ikke er den samme som dato for åpningen. Det er ikke en oppfordring til alle om å starte 8. august eller 2. januar, men en mulighet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget fastsetter følgende undervisningsterminer for studieåret 2016 - 2017:

2016 Høstsemesteret: mandag 8. august - torsdag 22. desember

2017 Vårsemesteret: mandag 2. januar - fredag 23. juni.

All undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskriften) skal avholdes innenfor dette tidsrommet. Ulike typer prøver eller forkurs og lignende, som er nødvendig for å begynne på undervisningen, *kan* gjennomføres før semesterstart. Slike tiltak skal være omtalt i fag- og studieplaner og dessuten være behørig annonsert.

Helligdagene som kan falle i perioden mars - juni innebærer årlige justeringer av undervisningsopplegget. Eksamener, prøver, oppgaver med mer, som er avlagt eller innlevert i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli framkommer på karakterutskrift/vitnemål som avlagt eller innlevert i hhv høstterminen eller vårterminen.

UU 36/15 Oppfølging av AGUEs rapport

Utdanningsdirektøren presenterte saken. Det må utarbeides mål for det videre arbeidet med utvalgene og deretter kan det settes opp tiltak som støtter opp om målene. Det legges opp til en totrinnsprosess i behandlingen av rapporten, slik at i dette møtet vil målene for endringer vedtas og i møtet i november vil forslag til endring i mandatene behandles.

Utvalget diskuterte deretter målene for hvert av de fire områdene som rapporten behandlet, i denne rekkefølgen.

Utvalgets funksjon, medregnet rollefordeling mellom utvalgene

Foreslått mål: Utdanningsutvalget skal bidra til å sikre og utvikle studiekvaliteten rettet mot studienes innhold.

I diskusjonen ble det fokusert på forholdet mellom UU og KLU. Mens KLU er et lovfestet organ som har noen tydelige krav til arbeidsområde, f.eks. digitalt læringsmiljø, kan universitetet selv bestemme hva som skal være UUs arbeidsområde.

Det ble foreslått å legge til 'omfang, relevans og nivå' i målformuleringen for dette punktet.

Videre ble begrepet 'universell utforming' diskutert. Det er grunnleggende viktig å legge til rette for at alle studenter skal kunne gjennomføre et studium. Selv om ikke alle elementene hver for seg skal være slik lagt til rette, skal programmet som helhet være universelt utformet. Vi vil aldri kunne slutte med særskilt tilrettelegging, men det går an å gjøre det slik at grunnløsningen blir mer og mer universelt utformet.

Utdanningsdirektøren ba om kommentarer til om utvalget også skal ha en tilsynsrolle og om en skal lage en reakkrediteringssyklus. Det ble fra utvalget pekt på at det er et skille mellom rådgivning og kontroll, og at tilsyn er svært ressurskrevende. Utvalgsleder påpekte at NOKUT har gått i retning av å legge mer og mer ansvar på universitetene. Det betyr at vi har et stort ansvar for kvaliteten. Det var enighet i utvalget om at primærfunksjonen for utvalget vil være å gi råd til styret, men at sekundærfunksjonen vil være kontroll, f.eks. å kunne trekke tilbake akkreditering.

Reakkreditering har utvalget egentlig ikke diskutert, ble det hevdet. Det vil bli et svært omfattende arbeid. Det handler om å finne en form på reakkreditering. Erfaringene fra Det humanistiske fakultet, etter en første runde med reakkreditering, er at det har vært veldig nyttig. Vi må ha et system for det eksterne blikket, f.eks. med programsensor. Det ble hevdet at reakkreditering bør skje på institutt- og fakultetsnivå. Siden UU har delegert fra styret å akkreditere program, må det også være dette utvalget som har tilsynet. Det kan være mange måter å gjøre det på. Ansvaret bør ligge i UU. Det står det ingen ting om i mandatet i dag, men det bør skrives inn der.

Utvalget sluttet seg til følgende mål under dette punktet:

Utdanningsutvalget skal bidra til å sikre og utvikle studiekvaliteten rettet mot studienes innhold, omfang, relevans og nivå.

Mandat og sammensetning

Foreslått mål: Utdanningsutvalget skal beholde den strategiske rolle utvalget er gitt, og vil foreslå en justering av mandatet slik at de sentrale oppgavene i større grad er rettet mot studienes innhold. Den direkte strategiske rollen bør være knyttet til overordnede strategiske vurderinger.

Fra diskusjonen.

- Mandatet er relativt ambisiøst i dag. Men hvilken rolle ønsker utvalget å ha?
- Det strategiske spillerommet er knyttet til endringer i omgivelsene. Det er først når det skjer endringer i omgivelsene at spørsmålet kommer opp. Det er vanskelig å se at de vanskelige spørsmålene kan ekskluderes fra utvalgets arbeid. Dette handler om å være oppdatert. Vi er en del av et større bilde, men vi må ha informasjon om hva som skjer.
- Studieporteføljen blir av og til diskutert. Skal fakultetene avgjøre dette, eller skal det fram i UU og styret?
- Det handler om hvem som er initiativtaker.

Utvalget sluttet seg til målet slik det var lagt fram i innstillingen.

Arbeidsformer og kommunikasjon

Foreslått mål: Utdanningsutvalget skal på en best mulig måte bidra til at enhetene og studentene gjør seg bedre bruk av utvalget.

Fra diskusjonen:

- Savner noe om kommunikasjon. Det er viktig å kommunisere godt og bredt ut. Det må være tid og mulighet for fagmiljø og studenter å følge med på sakene.
- Det handler om effektiv kommunikasjon, her det gjort mye godt arbeid. Og det handler om et begrepsapparat som er kjent for både saksforbereder og mottaker. Vi må ha en helhetlig bruk av begrep.
- Her er det i så måte gjort et godt arbeid i revisjonen av eksamensforskriften.
- Formålet må være at alle kan være med og utvikle universitetet slik at det blir bedre for alle.
- Det er det som er godt kvalitetsarbeid, at så mange som mulig kan delta.
- Til flere som er med, til bedre mulighet har vi til å gjøre godt arbeid.

Det ble foreslått å tilføye 'gjennom god og effektiv kommunikasjon'.

Utvalget sluttet seg til følgende mål under dette punktet:

Utdanningsutvalget skal på en best mulig måte bidra til at enhetene og studentene gjør seg bedre bruk av utvalget gjennom god og effektiv kommunikasjon.

Opplæring av nye medlemmer

Foreslått mål: Nye utvalgsmedlemmer i UU og KLU skal snarest mulig etter oppnevning tilbys opplæring i utvalgsarbeid slik at de er best mulig forberedt til å delta i utvalgsarbeidet.

Fra diskusjonen:

- Her er vi godt i gang.
- Det er viktig å få kjennskap til begrepsbruk, arbeidsmåter etc.

Utvalget sluttet seg til målet slik det var lagt fram i innstillingen.

Vedtak:

Utvalget slutter seg til utdanningsdirektørens vurdering av hvordan de fire hovedpunktene i rapporten kan følges opp av utvalgene, med det formål å følge opp rapportens vurderinger, med de innspillene som kom fram i møtet.

Følgende mål tas med i det videre arbeidet:

- *Utdanningsutvalget skal bidra til å sikre og utvikle studiekvaliteten rettet mot studienes innhold, omfang, relevans og nivå.*
- *Utdanningsutvalget skal på en best mulig måte bidra til at enhetene og studentene gjør seg bedre bruk av utvalget gjennom god og effektiv kommunikasjon.*
- *Utdanningsutvalget skal beholde den strategiske rolle utvalget er gitt, og vil foreslå en justering av mandatet slik at de sentrale oppgavene i større grad er rettet mot studienes innhold. Den direkte strategiske rollen bør være knyttet til overordnede strategiske vurderinger.*
- *Nye utvalgsmedlemmer i UU og KLU skal snarest mulig etter oppnevning tilbys opplæring i utvalgsarbeid slik at de er best mulig forberedt til å delta i utvalgsarbeidet.*

Utdanningsdirektøren bes ta utgangspunkt i institusjonens formelle rammeverk der det her fastlegges hva som vil oppnås (mål), og deretter i november legges en plan for hvordan dette skal oppnås (tiltak).

Utvalget ber utdanningsdirektøren legge til rette for den videre oppfølging av de fire områdene, herunder å legge fram sak om nytt mandat og sammensetning på bakgrunn av diskusjoner og vurderinger i septembermøtet til utvalgets møte i november 2015. Utvalget ber om at saksdokumentene for saken sendes ut en uke tidligere enn ordinær utsending.

UU 37/15 Orienteringssaker 16.09.2015

Fylgjande orienteringssaker fylgde innkallinga:

- a) Oppnemning av nye medlemmer til Utdanningsutvalet (Rektor si fullmakt var ettersendt).
- b) Endring i forskrift om krav til masterprogram.
- c) European Standards and guidelines (ESG). Denne saka vart utsett til neste møte.

I tillegg vart fylgjande sak lagt fram i møtet:

- d) Etatsstyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek sakene til orientering.

UU 38/15 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.